

Som brukar av naturen er eg sterkt imot å få vindturbinar i Kvinnherad. Eg vil krevja umiddelbar stopp i den omfattande, industrielle utbygginga av vindkraft. Resultata er ei rasering av natur som er utan sidestykke i historia. Mektige kapitalinteresser med støtte frå profesjonelle lobbyistar, politimakt og styresmakter valsar over små lokalsamfunn.

Som innbyggjar i Kvinnherad vil eg kreve at dei områda i Kvinnherad kommune som er teke med i Nasjonal rammeblir teke ut av ramma.

Det varierte lanndskapet er ein av dei viktigaste grunnane til at folk vil busetja seg i vår kommune. Både fjordlandskapet med holmar og skjer, øyar og sund og fjell- landskap med storslagne utsyn, bekkjer og elvar, fjelltoppar og isbrear er svært mykje nytta til rekreasjon og friluftsliv. Ei vindkraftutbygging vil redusere livsrommet for ville dyr og fuglar. FN sitt internasjonale naturpanel har vurdert utryddinga av arter som ein like stor fare som klimakrisa. Eg ber om at kravet mitt blir teke til følge.

Mvh Marie Døssland